



BOTSHEIA - HATTEN - ULVASKOG

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Ca. 1 time til toppen av Hatten og ca. 2 timer til Ulvaskog.

Passar for: Ikkje for dei aller minste.

Parkering: God parkering på Botsheia.

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merke seg:

Turen startar på kommunegrensa, om lag 200 meter frå parkeringsplassen. Løypa inngår i "Lysefjorden rundt" og er godt merka fram til Ulvaskog. Derfrå kan ein gå vidare til Preikestolshytta. Hatten er ein fin avstikkar med god utsikt.



Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Frå Botsheia går det merka løyper til Ulvaskog og vidare til Preikestolshytta. Herifrå kan ein gå til Preikestolen, Moslivarden eller vidare langs fjorden. Denne turen er med andre ord eit flott utgangspunkt for ein tur "Lysefjorden rundt".

Fyrste delen av turen går gjennom fin furuskog på godt merka sti. Litt lengre oppe opnar skogen seg og stien snor seg inn i eit spesielt landskap med krokete furutre og blankskurte berg. Terrenget er kupert, men det er ikkje noko problem å finna fram. Idet ein passerar kanten på eit lite tjern, ligg Ulvaskoghytta fint til oppe i skogen. Nær hytta er det flott å rasta.

Halvvegs til Ulvaskog er det skilta ein avtikkar til Hatten. Dette er ein fin liten tur opp på eit platå med fantastisk utsikt innover Lysefjorden og ut mot Forsand. Beste utsynet får ein litt lengre ut mot kanten, ned frå toppen.

Eit historisk sus

Ulvaskog er eit skogsområde med høge furutre og blinkande småtjern. Her skjulte motstandsfolk seg under siste krig. Den gamle tømmerkoia blei restaurert av Heimevernet i 1995 som ledd i 50-årsmarkeringa for krigens slutt. Hytta var i dårleg forfatning og vart riven og bygd opp på ny. Mange besøker hytta gjennom året, og det er vanleg å skriva seg inn i gjesteboka som ligg der inne. Her kan ein og lesa den spanande historia om operasjon Ospery og deira kamp mot okkupasjonsmakta i 1944.

Ulvaskog har eit usedvanleg rikt naturmiljø, med mange spanande planter og dyr. Store krokete tre med sprukne stammar og rik vegetasjon i skogbotnen gir rom for fleire spesielle fuglar og dyr. Både elg og storfugl kan treffast her, og fleire hakkespettar finn mat i dei morkne trestammene.



